

Teatret Vårt

ÅRSMELDING AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2011

Barneteatret Vårt

Styret si årsmelding	2
Teatersjefen oppsummerer	3
Barneteatret Vårt	7
Resultatrekneskap	8
Balanse	9
Notar	10
Økonomisk resultat	16
Statistikk	15
Revisors beretning for 2011	16
Repertoar	18
Styre og representasjon	25
Personale ved Teatret Vårt	26

Framsidebilete:

Utgjevar:

Ansvarleg utgjevar:

Redaksjon:

Uforming:

Foto:

Herman Bernhoft i Gjenganger
 Teatret Vårt, AS Regionteatret i Møre og Romsdal
 Thomas Bjørnager
 Thomas Bjørnager, Knut Lidvard Høgset,
 Eva Eklöf Mørkeset og Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
 Rolf-Inge Pedersen Hjelseth
 Arild Moen

STYRET SI ÅRSMELDING

Selskapet

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

Arbeidsmiljø og organisasjon

Arbeidsmiljøet i 2011 har vore godt. Det totale sjukefråværet i år 2011 har vore 2,1%. Det er ikkje rapportert om skadar eller andre ulykker. Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Teatret har eit styre med 4 kvinnelege representantar av 7 styremedlemmer, der styreleiar er kvinne. Kvinnedelen av instruktørar, scenografar, kostymedesignarar m.m. varierar mykje frå år til år. Få produksjonar i året gjev store utslag her. Ein må difor sjå tala over fleire år. Kvinneandelen er nær 50% for teknisk og administrative avdelingar. Til saman 17,5 årsverk. Av kunstnarisk personale er 12,5 årsverk utført av menn og 9,4 årsverk av kvinner. I framsyninga Blindpassasjer var både instruktør, scenograf/kostymedesigner, videodesigner, koreograf og maskør kvinner.

Møter

Styret hadde i 2011 6 styremøte og handsama 31 saker.

Økonomien i selskapet

Årsrekneskapen er gjort opp med eit underskott på kr 594 594.

Sum eigenkapital er på kr 3 931 975. Av dette er kr 550 000 innbetalt aksjekapital. Teatret Vårt legg stor vekt på kostnadskontroll. Styret er godt nøgd med den samla økonomiske situasjonen og dei kunstnarlege resultata i 2011 for Teatret Vårt, og ynskjer å takke teatersjef og alle medarbeidarane for innsatsen.

Årsrekneskapen for 2011 er satt opp under føresetnad om framleis drift.

Molde 14. mai 2012

Elen Lein
Elen Lein
styreleiar

Ottar Brage Guttelvik
Ottar Brage Guttelvik
styremedlem

Heidi-Iren W. Olsen
Heidi-Iren Wedlog Olsen
styremedlem

Per Kåre Trengereid
Per Kåre Trengereid
nestleiar

Vivi Sunde
Vivi Sunde
styremedlem

Per Kristian Øyen
Per Kristian Øyen
styremedlem

Heidi Løklingholm
Heidi Løklingholm
styremedlem

DEN AVGÅTTE TEATERSJEFEN OPPSUMMERER

2011 har vore kjenneteikna av både kunstnarlege sigrar og varierande publikumsbesøk. Totalbesøket på over 37 000 ligg over gjennomsnittet dei siste tolv åra. Så trass i eit normalt publikumsbesøk har oppslutninga om nokre av produksjonane våre vore skuffande, særleg fordi det er tale om framsyningar av høg kunstnarleg kvalitet. Den eine av dei blei heidra med ein Hedda-pris.

Året starta særskilt godt med *Enron* av Lucy Prebble. Tore Vagn Lid hadde regi, Kyrre Bjørkås scenografi og video og Ingunn Birkeland kostymer. Oppsetjinga var eit samarbeid med Rogaland Teater. Norgespremieren fann stad 8. januar i Molde. Ei veke seinare kom Det Norske Teatret med sin versjon. Vår *Enron* fekk gjennomgåande gode kritikkar, betre enn Oslo-versjonen. Dette bidrog til at framsyninga i Molde og på turné i Møre og Romsdal trekte gode hus. Kritikkane i Stavanger var lunknare, og besøket blei lågare enn forventa. Ein kan grunne på korfor framsyninga trekte såpass dårleg i oljebyen. Akkurat det overlét eg til Rogaland Teater å gruble over. Eg nøyer meg med å seie at framsyninga var sjeldan godt gjennomarbeidd, ho var musikalsk og leiken og ho makta å gjere økonomisk politikk og finans til spennande og viktig teater.

Neste premiere var *Prikkesyken* etter bildeboka av Bjørn F. Rørvik og Per Dybvig på Barnetetatret Vårt i Ålesund 4. mars i regi av Rune Jakobsson og scenografi av Märta Fallenius. Ensemblet dramatiserte forteljinga sjølv, og resultatet blei ei sjarmerande barneframsyning. Stemningsfull scenografi og tilleggsaktivitet før og etter framsyninga med mellom anna legeundersøking av kosedyr skapte ein fin atmosfære og bidrog også til at det kom mange barn.

Gjengangere av Henrik Ibsen var den tredje hovudproduksjonen denne våren med premiere 11. mars. Regi: Uwe Cramer, scenografi: Thomas Bjørnager. Ei moderne oppsetjing med tydeleg og konsekvent lesemåte og regi. Scenografien som var av den påtroppende teatersjefen var ein del av dette gjennomarbeidde grepset. Her var også solide skodespelarprestasjonar. Særleg blei samspelet mellom Osvald og Fru Alving framheva, til dømes i grunn gjivinga for at Herman Bernhoft blei tildelt Hedda-prisen for beste mannlege birolle. Vivi Sunde spelte rolla som Fru Alving. Trass i gode kritikkar, *Gjengangere* trekte lite folk.

Under jazzfestivalen blei *Driving Miles* av Henning Mankell gjenoppteken. Det var nok ein gong suksess.



ENRON

Øystein Martinsen.

FOTO: ARILD MOEN



ENRON

Marianne Holter.

FOTO: ARILD MOEN

Litteraturframsyninga *Doktor Proktors prompepulver* blei spelt 85 gonger våren 2012. Framsyinga var sett i scene av Carl Morten Amundsen og blei sett av mange elevar i grunnskulen i regi av Kultursekkene.

Helg av Thorvald Sund var eit samarbeid mellom Nord-Trøndelag Teater, Trøndelag Teater og Teatret Vårt. Stykket er ei skildring av livet på kysten av Midt-Norge på sekstalet og var ein urpremiere som fann stad i Trondheim. Regissør var Liv Hege Nylund, scenograf Martin Linde. Møre og Romsdal-tur néen gjekk til mindre stader som sjeldan får besøk av teatret. Desse framsyningane skjedde i samarbeid med lag og organisasjonar.

Blindpassasjer av Bing og Bringsværd blei ei morosam, nyskapande og leiken framsyning. Miriam Prestøy Lie og Ingri Fiksdal hadde saman ansvaret for regi; scenograf var Monica Nestvold; video: Laura Navndrup; lyddesign: Dave Black. Framsyinga fekk gode meldingar, men ikkje i lokalavisa. Dette kan ha medverka til eit skuffande besøk. Framsyinga burde hatt eit større publikum. Styret i teatret slutta opp om leiinga si avgjerd om å sløyfe tur néen for denne oppsetjinga sidan besøket var så lågt og førehandssalet ikkje ga håp om at dette ville endre seg på turné. Det var ein særleg ånd i dette ensemblet, ein sjeldan entusiasme for prosjektet.

I oktober kom Bibelen i ny omsetjing. I den forbindelse laga teatret framsyninga *Alt har sin tid* i samarbeid med Molde Domkirke. Tekstutval og framføring var ved Vivi Sunde. Musikk ved Møremusikagruppa *Fjord og fjell* og organist Robert Coates. Musikalsk koordinator var Rolf Magnus Orø. Framsyinga hadde premiere 20. oktober i Molde Domkirke og fekk særskild god mottaking.

Barneteatret Vårt hadde sin haustpremiere 12. oktober med *Lille Lukas' hemmelige liv* av Ulf Nilsson; regi: Jens Karlsson og scenograf: Thomas Bjørnager. Framsyinga vert teke med over i 2012.

Den siste ordinære produksjonen på Teatret Vårt i 2011 var *Porselenskogen* av Bjørnar Teigen. Dette er ein monolog med utgangspunkt i ei sann hending. Ein kvinneleg prest vart funne ihelfrossen i ein skog i Sverige. Carl Morten Amundsen hadde regi for ei framsyning som fikk særskild omtale i Romsdals Budstikke. Ho er ikkje meldt i andre aviser.

Heile 2011 var prega av at nybygget på Gørvellplassen reiser seg. Teatret har vore engasjert på mange område og har lagt ned særskilte ressursar i arbeidet med å gjere bygget så godt som mogleg. Dette har ikkje vore heilt utan ulemper for den vesle organisasjonen. Rekneskapsavdelinga har måtte nytte mykje tid på byggerekneskapen, teatersjef, direktør, produsent, teknisk leiar og delar av den tekniske staben har vore direkte engasjert i det fortløpende administrative arbeidet med å gjennomføre det som er i ferd med å bli eit fantastisk nytt teaterhus (og bibliotek, jazzhus, galleri og litteraturhus). Byg-

gebudsjettet har vore stramt, og det finst lite rom for å få dekt administrative kostnader. Dette har gjeve arbeidet med bygget eit visst dugnadspsreg. Det har ikkje alltid vore ideelt.

Gleda er stor over å sjå at bygget nå står der og over at det ser ut til at kostnadsrammene vert haldne.

Verksemda i Ålesund er i ferd med å komme inn på rett spor. Framleis har vi ikkje kome opp på det driftsnivået vi har planlagd og ynskjer oss. To produksjonar har det likevel vore, og dei har bidrege til at framsyningstalet og publikumstalet er halde oppe. Det kjem tydeleg fram av talet på framsyningar at aktiviteten har auka. 390 framsyningar er mykje for eit lite teater som vårt, og viser klart at aktiviteten har auka monaleg som følgje av dei auka løvyingane som har vore Teatret Vårt til del.

Alt i alt et år på det jamne, men med høg kvalitet og med *Enron* og Hedda-prisen til Bernhoft som viktige høgdepunkt.

Eg nyttar høvet til å takke medarbeidarar, styre og samarbeidspartnarar. Teatret Vårt flytter dette året inn i nytt teaterhus. Førti år i provisoriske lokale er dermed slutt. Det opnar for ei ny tid for institusjonen med kunstnarleg vekst og endå større publikumsopplutnad som resultat.

Sidescenen

2011 vart det arrangert i alt 31 Sidescener. Nokre av Sidescenen var knytta direkte opp mot teaterproduksjonar på Teatret som til dømes foredrag med statsvitar og forfattar Bent Sofus Tranøy i samanheng med framsyninga «*Enron*», romfartsekspert og forfattar Erik Tandberg i samanheng med «*Blindpassasjer*», dramatikar Torvald Sund i samanheng med «*Helg*» og prest og forfattar Odd Jarle Eidner i samanheng med «*Porselenskogen*».

Våren 2011 hadde Teatret Vårt eit samarbeid med høgskulane i Molde, Volda og Sør-Trøndelag. Prosjektet «Lys på mørke steder» inneholdt fire Sidescener bygd rundt bøker med temaet demens, eit forskningsprosjekt om korleis kunst kan brukast for å belyse «korleis det er å være pårørande til personar med demens» og etablering av eit nettverk av pårørande. Samarbeidet med høgskulane var særskilt fruktbart, og vil bli vidareført i 2012. Forskningsrapporten frå prosjektet vil bli presentert på ein internasjonal forskningskonferanse i Canada i 2012.

Det var og ein del ungdomsarrangement på Sidescenen i 2012, mellom anna mange DUS-framsyningar og det etterkvar tradisjonsrike «Medan dei er heime».

Lærlingen


Lærlingen, Teatret Vårt si eiga teater- og musikkgruppe for ungdom, har blitt ein populær aktør i mange samanheng. I løpet av 2011 har Lærlingen



ENRON

Per Emil Grimstad, Glenn André Kaada, Katrine Dale, Line Starheimsæter.

FOTO: ARILD MOEN



ENRON

Marianne Holter og Bjørnar Lisether Teigen.

FOTO: ARILD MOEN



GJENGANGERE

Jan Frostad.

FOTO: ARILD MOEN



GJENGANGERE

Vivi Sunde.

FOTO: ARILD MOEN

hatt kulturinnslag for eit breitt spekter av publikum som til dømes på mange konferansar, humanistisk konfirmasjon, og på ein del Sidescener og andre arrangement på Teatret Vårt. Honorar Lærlingan får for desse spelingane, blir brukt til ein årleg studietur til England for å sjå musikalar. I juli 2011 gjekk turen til London, og gruppa fekk med seg heile 7 musikalar.

I 2010-2011 deltok Lærlingan i DUS med teaterframsyninga «1975» av Jesper Halle. Lærlingan var så heldige å bli plukket ut til å representere Møre og Romsdal på den nasjonale DUS-festivalen i Oslo. I tillegg til å spele teaterframsyninga si på Det Norske Teatret, fungerte Lærlingan som festivalband med speling før og under opninga og på festivalfesten.

DUS = Den Unge Scenen

DUS er eit nasjonalt prosjekt som vart oppretta i 2004 for heve nivået på ungdomsteater i Norge. DUS bestiller og utviklar sceniske tekstar skrevet spesielt for ungdom, og som blir framført av ungdom.

Teatret Vårt er vertsteater for region Møre og Romsdal. Det betyr at vi har ansvaret for å følgje opp dei deltagande gruppene i regionen/fylket og for å arrangere ein regional DUS-festival. Denne vart arrangert i Molde i februar 2011. Arbeidet i gruppene starta rundt sommaren 2010 då dei nye DUS tekstane var ferdig skrevet. I Møre og Romsdal var det totalt 7 DUS-grupper frå Vanylven (1 gruppe), Ålesund (4 grupper) og Molde (2 grupper). Som tidlegare nemnt var Lærlingan ei av desse gruppene.

CARL MORTEN AMUNDSEN
tidlegare teatersjef

BARNETEATRET VÅRT

av kunstnerisk leiar Eva Eklöf Mørkeset

Prikkesyken

5. mars hadde vi premiere på Prikkesyken ei framsyning for barn i alderen 3-100 år. Stykket er basert på bildeboka "Prikkesyken" av Bjørn F. Rørvik og Per Dybvig, og fortel historia om Reven og Grisen som bruker all sin list for å lure godsaker ut av dei andre dyra i skogen. Dei let som Grisen har fått prikkesyken og må ha reseptpålagt medisin i form av brus og kokosbollar.

Rune Jacobsson hadde regi på stykket, Märta Fallénius scenografi og medverkande var Alexander Martinsen, Jonas Delerud og Eva Eklöf Mørkeset.

I samband med framsyningane hadde vi i for- og etterkant eit sjukehus der barna fekk behandle sjuke kosedyr. På dei opne framsyningane var det elevar frå Jugendteatret i Ålesund og Kulturskolen i Molde som var "helsepersonell". På turné var det skodespelarane i stykket som var legar og sjukepleiarar.

Vi opptredde også i samband med opninga av Barnesjukehuset i Ålesund og på Brattvågdagane med dette sjukehuset, som eit samarbeidsprosjekt mellom Barneteateret Vårt og Jugendteatret i Ålesund.

Lille Lukas hemmelige liv

4. oktober under Ålesund Teaterfestival hadde vi premiere på Lille Lukas hemmelige liv, ei framsyning av Ulf Nilsson. Stykket er for barn i alderen 3-5 år og handlar om babyen Lille Lukas som vaknar om natta medan foreldra sov og bestemmer seg for å utforske verdan heilt på eiga hand.

Instruktør på stykket er Jens Karlsson, Thomas Bjørnager har scenografi og medverkande var Alexander Martinsen som forteljar og Jonas Delerud som Lille Lukas. Bjørnar Teigen tok over rollen som Lille Lukas i november.

Som ramme rundt framsyninga hadde vi ei sanseløype for publikum kor dei kunne utforske smak, lukt, lyd, berøring og syn. Sanseløypa var betjent av elevar frå Jugendteatret og Molde Kulturskole.

Lille Lukas blei også vist på Kulturtorget i Molde 25. januar 2012 med tanke på at det kan gå inn som framsyning i Den kulturelle skolesekken.

Hundredagar

I desember 2011 starta vi prøvene på vår neste produksjon Hundredagane som skal ha premiere 17. mars 2012. Stykket er skrive av Angela Hagen, Odette Bereska har regi, Anja Furthmann scenografi og medverkande er Jonathan Philip, Ellen Karin Solevåg og Viggo Solum.



GJENGANGERE

Hilde Marie Farstad Bergersen og Daniel Karlsson.

FOTO: ARILD MOEN



GJENGANGERE

Vivi Sunde og Herman Bernhoff.

FOTO: ARILD MOEN

RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2011 Rekneskap	2010 Rekneskap
I Driftsinntekter			
Billett- og programsal	3	2 267 948	2 337 875
Andre inntekter		1 578 681	2 388 220
Driftstilskott		29 570 587	26 186 050
Sum driftsinntekter		33 417 216	30 912 145
II Driftskostnader	1		
Kostnader arbeidskraft	4	19 167 845	18 352 574
Materialkostnader		875 737	707 678
Sal- og informasjonskostnader		1 433 874	1 321 426
Kostnader lokale		3 460 013	2 604 246
Utsyrskostnader		93 410	182 535
Avskrivningar	5	683 022	728 204
Andre driftskostnader		8 353 665	6 989 446
Sum driftskostnader	2	34 067 565	30 886 109
III Driftsresultat		-650 349	26 037
IV Finansielle postar			
Finansinntekter		133 200	149 766
Finanskostnader		77 444	60 485
Resultat av finansielle postar		55 765	89 281
V Resultat før EOP		-594 594	115 318
VI Ekstraordinære postar			
Ekstraordinære inntekter		0	0
Ekstraordinære kostnader		0	0
Resultat av ekstraord. postar		0	0
VII Årsresultat		-594 594	115 318
Avsett til/overført frå annan eigenkapital		-594 594	115 318

BALANSE pr. 31.12.

	NOTE	2011	2010
Anleggsmidlar			
Varige driftsmidlar	5	3 336 058	3 152 691
Finansielle anleggsmidlar	9	502 529	464 609
Sum anleggsmidlar		3 838 587	3 617 300
Omløpsmidlar			
Kundefordringar		407 506	1 296 646
Andre kortsiktige fordringar	10	708 046	1 453 509
Kasse, bank	8	4 402 311	3 912 075
Sum omløpsmidlar		5 571 863	6 662 230
SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSIDLAR		9 356 450	10 279 530
Eigenkapital			
Innskutt eigenkapital			
Aksjekapital (275 á 2 000,-)	7	550 000	550 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		3 381 975	3 976 569
Sum eigenkapital	6	3 931 375	4 526 569
Langsiktig gjeld			
Lån		0	0
Sum langсiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Kreditorar		453 445	623 244
Skuldig offentlege avgifter		1 085 499	1 399 023
Anna kortsiktig gjeld		3 885 530	3 730 694
Sum kortsiktig gjeld	10	5 424 474	5 752 961
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		9 356 450	10 279 530



PORSELENSSKOGEN

Gøril Haukebø.

FOTO: ARILD MOEN



PORSELENSSKOGEN

Gøril Haukebø.

FOTO: ARILD MOEN

NOTAR

NOTE 1 - REGNSKAPSPrINSIPPER

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.

Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Inntekter blir resultatførde etter kvar ein skilt framsyning.

Omlaupsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omlaupsmiddel er vurderte til lågaste innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmiddel er vurderte til innkjøpskostnad, men blir nedskrivne til verkeleg verdi dersom ein ikkje forventar at verdifallet er forbigaande.

Kundefordringar og andre fordringar er førde i balansen til pålydande. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane. Det er ikkje gjort avsetjing til eventuelle tap pr. 31.12.

Andre varige driftsmiddel blir balanseførde og avskrivne lineært til restverdi over gjenverande avskrivingstid.

Aksjar og andeler i datterselskap og tilknytta selskap er oppført til innkjøpskostnad, justert for eventuell varig nedgang i verdi.

Forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført - kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

NOTE 2 - TURNÉUTGIFTER

	2011	2010
Lønsrelaterte kostnader	1 291 000	1 486 000
Husleige, arr.honorar m.m	514 400	75 500
Transport og bilhald	633 900	276 600
Hotel	652 000	500 000
Annonsering på turné	419 700	281 000
Sum turneutgifter	3 511 000	2 619 100

Turneutgiftene er definert som utgifter direkte knytt til turnèverksemd. Ordinær løn i turnèperioden er tildømes ikkje medrekna, men kostnader til turètillegg, diett m.m. som direkte kan knyttast til turnèverksemd.

NOTE 3 - BILLETTINNTEKTER

Driving Miles	51 120
Enron	474 492
Doktor Proktor	669 045
Gjengangerer	105 020
Blindpassasjer	67 106
Helg	107 680
Porselensskogen	3 900
Prikkesyken	601 430
Lille Lukas hemmelige liv	81 200
Mindre produksjonar	106 955
	2 267 948

NOTE 4 - LØNSKOSTNADER

Lønskostnader består av fylgjande postar:

	2011	2010
Løningar	14 169 896	13 680 221
Folketrygdavgift	2 225 976	2 126 050
Pensjonskostnader	1 398 805	1 354 866
Andre		
lønskostnader	1 373 310	1 191 437
Sum	19 167 987	18 352 574
Gjennomsnittlig antall ansatte	28	28

Ytelser til ledende personer:

	Teatersjef	Styret
Løn	723 677	221 750
Pensjonsforpliktelser	0	0
Annen godtgjørelse	144 411	0

Kostnadsført revisjonshonorar utgjær kr. 46 438,- og gjeld pliktrevision. I tillegg kjem honorar for bistand årsrekneskap med kr 10 500,-.

Teatret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning og AFP gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktsen er ikkje balanseført.



LILLE LUKAS HEMMELIGE LIV

Jonas Delerud.

FOTO: ARILD MOEN



PRIKKESYKEN

Jonas Delerud og Alexander Martinsen.

FOTO: ARILD MOEN

Fast og åremåls tilsett personale

Teatersjef/administrasjon/ marknad/formidling	10
Skodespelarar	5
Teknisk personale	9
Sum tilsette	24

Framsyninger og billettinntekter

Publikum	37 369
Framsyningar	390
Billettinntekter	2 267 948
Gj.snitt inntekt pr.bill.	60,70%

Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter i prosent av totale driftsutgifter	3 846 629 11,30%
--	---------------------

Tilskott

Staten (kap. 324, post 71)	20 699 000
Møre og Romsdal fylkesk.	4 436 000
Molde kommune	3 829 000
Ålesund kommune	606 587
Samla tilskott	29 570 587

OTE 5 - VARIGE DRIFTSMIDLER

	Bilar	Maskiner, inventar	Bygn. messige innreinger	Sum
Anskaffelseskost 1.1.	1 031 961	4 948 296	1 202 302	7 182 559
Tilgang i løpet av året	727 750	138 639	0	866 389
Avgang i løpet av året	0	0	0	0
Akkumulerte avskrivninger	629 428	2 881 160	1 202 302	4 712 890
Bokført verdi 31.12.	1 130 283	2 205 775	0	3 336 058
Årets avskrivninger	114 024	568 998		683 022
Avskr.tid	10 år	5-10 år	20	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Leigekontrakter

Årleg leige av Julsundvegen 4 er kr 1.592.830. Leigekontrakten utgår 31.12.2011 med rett til fornying. Årleg leige av verkstad og lagerlokaler i Krohnsvingen1 er kr 184.276. Leigekontrakten gjeng ut 01.08.2012 med rett til fornying.

NOTE 6 - EGENKAPITAL

	Aksje- kapital	Annan EK	Sum
Egenkapital pr. 01.01.	550 000	3 976 569	4 526 569
Årsresultat		-594 594	-594 494
Egenkapital pr. 31.12.	550 000	3 381 975	3 931 975

NOTE 7 - ANTALL AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.

Selskapets aksjekapital på kr 550 000,- består av 275 aksjer à pålydende kr. 2 000,-. Alle aksjer har lik stemmerett.

Selskapets aksjonærer er:	Antall	Eigerandel
Møre og Romsdal fylkeskommune	132	48%
Molde kommune	132	48%
Noregs Ungdomslag,		
Møre og Romsdal	11	4%
Sum	275	100%

NOTE 8 – BUNDNE MIDLER

Av selskapets bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 569 843,-.

NOTE 9 – FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR

	2011	2010
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	30 000	30 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene	5 000	5 000
Molde kulturygg AS	46 000	46 000
Eigenkapitalinnskudd KLP	314 199	276 409
Sum	398 199	360 409

Note 10: Periodiseringar

Forskottsbetalte kostnader i 2011 som er aktivert og vil bli regnskapsført på åra 2012/2013 er:

Humlehaven	200 000
Perplex	44 000
Hundredagane	268 434
En komikers oppvekst	63 682
Vår underfulle verden	80 000
Sum	656 116

Forskottsbetalte inntekter i 2011 som er aktivert og vil bli regnskapsført i 2012/2013 er:

Avsetn. nytt sceneteppe	
i Plassen	42 300
Tekstrettigheter	110 000
Sum	152 300

Forskottsbetalt husleigetilskott nytt hus frå Møre og Romsdal fylkeskommune kr 2 080 800.

Molde 14. mai 2012

Elen Lein

Elen Lein
styreleiar

Ottar Brage Guttelvik
Ottar Brage Guttelvik
styremedlem

Heidi-Iren W. Olsøn
Heidi-Iren Wedlog Olsen
styremedlem

Per Kåre Trengereid
Per Kåre Trengereid
nestleiar

Vivi Sunde
Vivi Sunde
styremedlem

Per Kristian Øyen
Per Kristian Øyen
styremedlem

Heidi Løklingholm
Heidi Løklingholm
styremedlem

ØKONOMISK RESULTAT**Generalsponsor:****SPAREBANKEN MØRE**

	2011	2010	2009
<u>Inntekter:</u>			
Billetsal	2,3	2,3	1,7
Anna	1,6	2,4	1,3
Tilskott	29,6	26,2	23,5
Sum	33,5	30,9	26,5
<u>Kostnader</u>			
Drift	34,1	30,8	25,4
Finansk.	0,0	0,0	0,0
Ekstraord.	0,0	0,0	0,0
Resultat	-0,6	0,1	1,1
Eigenkapital pr 31.12			
Sum	3,9	4,5	4,4

Kostnader

	2011	2010	2009
Drift	34,1	30,8	25,4
Finansk.	0,0	0,0	0,0
Ekstraord.	0,0	0,0	0,0
Resultat	-0,6	0,1	1,1

Eigenkapital pr 31.12

	2011	2010	2009
Sum	3,9	4,5	4,4

STATISTIKK 2011

Produksjon	For barn og ungdom			
	Publikum	Fram-syningar	Publikum	Fram-syningar
Eigenproduksjonar				
Dr. Proktors prompepulver	10424	85		
Gjengangere	1441	26		
Prikkesyken	9111	81		
En som går forbi	186	5		
Alle døde små dyr	200	1		
Rødt, hvitt og blått	57	1		
Blindpassasjer	1006	18		
Porselensskogen	292	6		
Driving Miles	719	10		
Lille Lukas hemmelige liv	1538	25		
Alt har sin tid	100	1		
Sum eigenproduksjonar	25078	259		
Samproduksjonar				
Helg	1997	46		
Enron	7658	54		
Sum samproduksjonar	9655	100		
Gjestespel				
Babettes gjestebud	126	1		
Sum gjestespel	126	1		
Sidescenen og andre framsyningars				
Sidescenen	992	18		
DUS	1240	9		
Barnlige lyst	0	0		
Lærlingan	163	1		
Kongen gråter	65	1		
Eventyrstund (sponsorarrangement)	50	1		
Sum andre	2510	30		
Sum 2011	37369	390		
Sum barn og unge	21 741	196		

Hovudsponsorar:



Møre og Romsdals Budstifte

Sunnmørsposten

REVISJONSmelding

Støtta av:



KULTURDEPARTEMENTET



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Tel: +47 71 20 62 00
Fax: +47 71 20 62 01
www.bdo.no

Besøksadresse:
Nøisomhed
Serviceboks 15
6405 Molde

Til generalforsamlingen i
AS Regionteatret i Møre og Romsdal

REVISORS BERETNING FOR 2011

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for AS Regionteatret i Møre og Romsdal som viser et underskudd på kr 594.594,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2011 og resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoен, og en beskrivelse av vesentlig anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av mistigheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebefatter utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningsene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingene av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes mistigheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsprisestimatorene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til AS Regionteatret i Møre og Romsdal per 31. desember 2011 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.



Side 2 av 2

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningsene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til dekning av tap er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenlet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Molde, 14. mai 2012
BDO AS
 (Org.nr. 993 606 650)

 Jarle Mellingen
 statsautorisert revisor

Støtta av:



MOLDE KOMMUNE



ÅLESUND KOMMUNE



BLINDPASSASJER

Marte Mørland og Bjørnar Lisether Teigen.

FOTO: ARILD MOEN



BLINDPASSASJER

Ine Marie Wilmann og Daniel Karlsson.

FOTO: ARILD MOEN

REPERTOAR 2011

HOVUDPRODUKSJONAR

Enron

- et musikalsk finansdrama

av Lucy Prebble oversatt av Michael Evans

Medverkande Bjørnar Lisether Teigen, Øystein Martinsen, Glenn André Kaada, Marianne Holter, Katrine Dale, Line Starheimsæter, Per Emil Grimstad, Hanne Askeland, Knut Marius Djupvik, Kristine Kjøge

Kapellmester Beth Elin Byberg
Musikere Kjetil Gjelstenli, Are Sorknes

Regi/musikk-
dramaturgi Tore Vagn Lid
Scenografi/
video Kyrre Bjørkås

Lysdesign Finn Landsperg
Kostymer Ingunn Birkeland
Masker Birgit Haugå
Musikalske
arrangement Sjur Hjeltnes og Tore Vagn Lid

Regiassistent/
koordinator Rolf Magnus Orø
Videotekniker Magnar Mork
Lydtekniker Torkild Madsen

Norgespremière på Teatret Vårt, Molde 8. januar 2011.
Ein Samarbeidsproduksjon med Rogaland Teater.

Gjengangere

av Henrik Ibsen

Medverkande Vivi Sunde, Herman Bernhoft, Jan Frostad,
Daniel Karlsson, Hilde Marie Farstad Bergersen

Regi Uwe Cramer

Scenograf/ Thomas Bjørnager

kostymer Finn Landsperg

Lysdesign Torkild Madsen

Lyddesign Olsen

Teatermaler Anita Jacobsen Marø

Première på Teatret Vårt, Molde 11. mars 2011.

I samarbeid med Trøndelag Teater.

Prikkesyken

Framsyninga er basert på biledboka *Prikkesyken*
av Bjørn F. Rørvik og Per Dybvig

Medverkande Jonas Delerud, Alexander Martinsen og Eva Eklöf Mørkeset

Regi Rune Jacobsson

Scenograf Märta Fallenius

Noregspremière på Barneteatret Vårt, Ålesund 5. mars 2011.

Dr. Proktors prompepulver

av Jo Nesbø

Medverkande: Hilde Marie Farstad Bergersen og
Daniel Karlsson

Regi: Carl Morten Amundsen

En som går forbi

Tekstar av Alf Prøysen

Medverkande: Arne Torvik og Herman Bernhoft

ÅRSMELDING AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL 2011

19



BLINDPASSASJER

Line Starheimsæter, Ine Marie Wilmann,
Bjørnar Lisether Teigen, Daneil Karlsson
og Marte Mørland.

FOTO: ARILD MOEN



BLINDPASSASJER

Line Starheimsæter.

FOTO: ARILD MOEN

Driving Miles

av Henning Mankell
Omsett av Per Egil Aske

Medverkande	Per Egil Aske
Musikarar	Ole Jørn Myklebust, Andreas Ulvo, Sigurd Hole
Regi	Kim Sørensen
Musikalsk ansvarleg	Atle Halstensen

Urpremiere ved Teatret Vårt/BarAlex 19. juli 2010.

Blindpassasjer

av Jon Bing og Tor Åge Bringsværd
i nyversjon av Fiksdal/Lie

Medverkande	Ine Marie Wilmann, Marte Mørland, Line Starheimsæter, Bjørnar Lisether Teigen, Daniel Karlsson
-------------	---

Regi og koreografi	Miriam Prestøy Lie og Ingrid Midgard fiksdal
Scenograf/ kostymer	Monica Nestvold
Lysdesign	Finn Landsberg
Lyddesign	Dave Black
Video	Laura Navndrup
Maske	Anita Jacobsen Marø

Premiere på Teatret Vårt, Molde 29. september 2011.

Porselensskogen

Av Bjørnar Lisether Teigen

Medverkande	Gøril Haukebø
Regi	Carl Morten Amundsen

Urpremiere 15. oktober 2012 på Ålesund Kunstforening

Alt har sin tid

Tekstar frå Bibelen i forbindelse med lansering av ny omsetjing
Tekstutval av Vivi Sunde i samarbeid med Carl Morten Amundsen

Medverkande: Vivi Sunde

Musikk ved Møremusikarane "Fjord og fjell" og organist Robert Coates.

Musikalisk koordinator: Rolf Magnus Orø.

Urpremière 20. oktober i Molde Domkirke.

Helg

Av Torvald Sund

Medverkande Wenche Strømdahl og Hallbjørn Rønning

Regi Liv Hege Nylund

Musikk Henning Sommerro

Samproduksjon med Trøndelag Teater og Nord-Trøndelag Teater

Lille Lukas' hemmelige liv

Av Ulf Nilsson

Medverkande Jonas Delerud og Alexander Martinsen

Regi Jens Karlsson

Scenografi Thomas Bjørnager

Norgespremière 12. oktober 2011 på Arbeideren i Ålesund

Sidescener og arrangementer i 2011

18.1.	Enron. Har vi lært noe som helst	120
18.1.	Enron. Har vi lært noe som helst	25
5.2.	SUPER – Molde kulturskole	140
5.2.	SUPER – Fagerlia vgs	140
5.2.	1975 – Lærlingen	220
6.2.	SUPER – Vanylven kulturskule	90
6.2.	SUPER – Jugendteatret	110
6.2.	Portrett av en varulv – Fagerlia vgs	120
6.2.	Nasjonal prøve – Fagerlia vgs	120
10.2.	Die Scöne Magelone	70
12.2.	Nyland om gangsterfilm	9
5.3.	Melancholia	45
12.3.	Teaterbyvandring	70
19.3.	Tett på Ine Harrang	19
9.4.	Lyset frå fars ansikt	50
26.4.	1975 – DUS	110
28.4.	1975 – DUS	195
30.4.	Vegen inn i skoddeheimen	35
17.5.	Mellom togene	49
28.5.	Det andre blikket	60
30.9.	Tett på Erik Tandberg	120
30.9.	Tett på Erik Tandberg	30
20.10.	Alt har sin tid	100
22.10.	Drømmeren Josef	29
9.11.	Tett på Torvald Sund	70
10.11.	Tett på Torvald Sund	25
19.11.	Når trua blir trua	145
30.12.	Medan dei er heime	163
Totalt		2479
Totalt antall arrangement		31

STYRET VED TEATRET VÅRT

Representantar frå Staten:

Elen Lein	styreleiar
Heidi Løklingholm	styremedlem
Per Kristian Øyen	styremedlem
Leon Aurdal	varamedlem

Representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Ottar Brage Guttelvik	styremedlem
Willy Loftheim	varamedlem

Representant frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid	nestleiar
Ingrid Kvande	varamedlem

Representant frå Noreg ungdomslag, Møre og Romsdal:

Heidi-Iren Wedlog Olsen	styremedlem
Aud Solveig P. Malmedal	varamedlem

Representant frå dei tilsette:

Vivi Sunde	styremedlem
Finn Landsperg	varamedlem/observatør

REPRESENTASJON

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:

Carl Morten Amundsen	styremedlem
----------------------	-------------

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:

Knut Lidvard Høgset	styremedlem
Eva Eklöf Mørkeset	vara

Norsk Teater- og orkesterforening:

Elen Lein	styremedlem
-----------	-------------

Forhandlingsutvalet i Norsk Teater- og orkesterforening:

Carl Morten Amundsen	medlem
----------------------	--------

Norsk Teaterlederforum:

Carl Morten Amundsen	styreleiar
Knut Lidvard Høgset	medlem

Molde Kulturbrygg AS:

Carl Morten Amundsen	nestleiar
Per Einar Langseth	styremedlem

PERSONALE VED TEATRET VÅRT

Skodespelarar/kunstnarleg tilsette:

Hilde M. F. Bergersen	skodespelar	(til 30.6.)
Herman Bernhoft	skodespelar	(til 30.6.)
Jonas Delerud	skodespelar	(til 28.11.)
Valborg Frøysnes	skodespelar	(permisjon)
Per Emil Grimstad	skodespelar	(til 30.7.)
Gøril Haukebø	skodespelar	
Daniel Karlsson	skodespelar	
Alexander Martinsen	skodespelar	(til 28.11.)
Marte Mørland	skodespelar	(8.8.-1.11.)
Line Starheimsæther	skodespelar	
Vivi Sunde	skodespelar	
Bjørnar L. Teigen	instruktør	(frå 1.8.)

Teknisk:

Gerd G. Austnes	systova	
Mathias Hammerø	snikkar/teknikar	
Ine Harrang	rekvisitør	(frå 2.8.)
Malin Jerset	lærling systova	(frå 8.8.)
Bjørn Kaldvatsvik	inspisient	
Knut Arve Karlberg	teknikar	
Finn Landsperg	lysmeister	
Svein Larsen	teknisk leiar	
Magnus Fiksdal Meese	teknikar	(til 17.5.)
Åshild Mjåseth	systova/leiar	
Magnar Mork	teknikar	(til 15.4.)
Bergliot Rørvik	rekvisitør	
Elin Nyheim	inspisient	(til 15.5.)

Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Thomas Bjørnager	påtroppande teatersjef
Mette Heimdal Eik	markedskonsulent (1.2.-30.6.)
Mary Farstad	adm.konsulent
Ingela Folkestad Farstad	billettseljar (frå 4.10.)
Halvard Fiksdal	produsent
Rolf-Inge P. Hjelseth	informasjonsleiar
Bente M. Hoflandsdal	løn- og rekneskapsleiar
Venche Husevik	billettseljar
Knut Lidvard Høgset	direktør
Evy Johannessen	adm.sekretær
Eva Eklöf Mørkeset	kunstnerisk leiar
Rolf Magnus Orø	Barneteatret Vårt
Solveig Mordal Vågen	formidlingsleiar
	marknadsleiar

HEDDAPRisen 2011

BESTE MANNLIGE BIROLLE

Herman Bernhoft

Årets vinner avsluttet sin utdannelse våren 2010, og samme høst debuterte han i en løssluppen komedie. Han kan derfor sies å tilhøre klassen «hittil forholdsvis ukjent ung skuespiller». Desto mer spennende at han allerede har klart å gi en ny og konsistent tolkning av en av vårt klassiske repertoars mest kjente karakterer, en original, fysisk ekspressiv tolkning som klart og tydelig får fram hvorfor Ibsen valgte å kalle sitt stykke *Gengangere*. I et tett og skjebnetungt samspill med Vivi Sundes *fru Alving* på Teatret Vårt i Molde, har årets prisvinner skapt en moderne, livslysten, temperamentsfull og utagerende, men også desperat og dødsdømt Osvald.

Prisen for beste mannlige birolle går til
HERMAN BERNHOFT.

KILDE: HEDDAPRisen

GJENGANGERE

Hilde Marie Farstad Bergersen
og Herman Bernhoft.

FOTO: ARILD MOEN





ANSATTE VED TEATRET VÅRT, NOVEMBER 2011

1. rekke frå venstre:
Carl Morten Amundsen og
Thomas Bjørnager

2. rekke frå venstre:
Bergliot Rørvik, Venche Husevik,
Evy Johannessen og
Rolf-Inge Pedersen Hjelseth

3. rekke frå venstre:
Bente M. Hoflandsdal, Daniel Karlsson,
Solveig Mordag Vågen, Vivi Sunde,
Malin Jerset, Gøril Haukebø, Rolf
Magnus Orø, Line Starheimsæther
og Finn Landsperg

4. rekke frå venstre:
Svein Larsen, Knut Lidvard Høgset,
Halvard Fiksdal og Mathias Hammerø

FOTO: ARILD MOEN

Teatret Vårt

Barneteatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no